



Dalheim Ungdomshus  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/955 - 16/10206

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.04.2016

## Registrert lekkasje på septiktank. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 54/16 Konglevoll (Hundvin).

Lindås kommune har 17.03.2016 mottatt melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om lekkasje i første kammer i slamavskiljaren for eigedomen gbnr 54/16.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

### **Slamavskiljaren må skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til 4 veker, dvs 13.05.2016.**

Dersom kommunen ikkje har mottatt tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål kan rettast til sakshandsamar via telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing



Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Lekasje i første kammer - gbnr 54/5 Konglevoll (Hundvin)

Foto

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

**Mottakarar:**

Dalheim Ungdomshus

5956

HUNDEVIN